

Grunneigarar, naboar,
og private høyringsinstansar.

Vår ref.: 2017-21

Dato: 25.03.2018

VARSEL OM OPPSTART PLANARBEID – LEITE FRITIDSOMRÅDE GNR.26, BNR.10 OG 18 I HERØY KOMMUNE. PLANID 2017-21

I medhald av plan og bygningslovens §§ 12-1, 12-8 og 12-14 blir det med dette varsla om at det vert sett i gong privat planarbeid for eigedomane nemnt i overskrifta.

Planområdet

Varslinga gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område for gnr. 26 bnr. 10 og 18 på ytre del av Leine, Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 19,4 daa. Området som er under regulering er ikkje utbygd, men har innslag av nokre etablerte naust. Området grensar til fylkesveg 18 i nordaust.

Formålet med reguleringsendringa

Formålet med planarbeidet er å utvikle området til fritidsområde i samsvar med overordna kommuneplan. Planane vil innehalde areal for fritidsbustader (rorbuer), småbåthamn, molo og interne vegar og infrastruktur. Denne reguleringsplanen vil grense til eksisterande reguleringsplan for fylkesveg 18, men vil også søkje å endre ein mindre del av reguleringsplanen for fylkesveg 18 (PlanID 201003).

Forslagsstillar og grunneigar

Grunneigar av gnr. 26, bnr. 10 er Nina, Jørn og Katrine Sundnes og bnr. 18 Paul Sundnes m.fl.
Føretaket B. Tarberg AS v/Aleksander Zahl Tarberg er utførande konsulent for planlegginga.

Informasjon og medverknad:

Planinitiativ vil vere tilgjengeleg på nettsida vår www.btarberg.no under fana «Varsling».
Dei som har interesse i planarbeidet kan sende sine synspunkt til:


B. TARBERG AS
Sandvikvegen 174
6070 Tjørvåg
E-post: post@btarberg.no

Frist for merknader er satt til: 18.04.18

Vidare saksgong:

Etter at fristen for å kome med innspel er ute vil sjølve planforslaget bli utarbeidd for deretter å bli sendt Herøy kommune for sakshandsaming etter plan- og bygningslova. Etter første gongs handsaming i kommunen blir planen lagt ut til offentleg ettersyn. Det vil då vere mogleg å kome med nye innspel til det planforslaget som vert offentleg.

Med vennleg helsing


Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar
B. Tarberg AS

Vedlegg: Kart som viser avgrensing av planområdet